



SKJÅK ENERGI KF
ÅRSMELDING
& REKNESKAP 2018



Nøkkelfakta

- Etablert i 1919
- 16 tilsette
- Innmata mengde i nettet 61 GWh
- 2105 nettkundar
- Disponibel mengde kraft 125 GWh
- Omsetning på 64 millionar kroner

Om Skjåk Energi	6
Årsmelding frå styret	8-11
Økonomiske nøkkeltal og hovudtal	12-13
Samfunnsrekneskap	16
Resultatrekneskap	17
Balanse	18-19
Kontantstraumanalyse	20
Notar til rekneskap	24-35
Melding frå revisor	38-40

INNHOVD



VÅR VISJON

**Saman skapar vi
verdiar for bygda vår!**

VÅRE VERDIAR

**Pålitelege, framsynte,
ha pågangsmot og humør.**

Skjåk Energi, ein sprekk 100 åring

2018 var selskapet sitt 99ande driftsår og i 2019 vil vi markere 100 års jubileum på ulike vis. Mykje har skjedd på desse åra, og ein må kunne påstå at Skjåkbygda ikkje hadde vore det same utan oss.

Kjerneverksemda vår, og det vi er best på, er bygging og drift av samfunnskritisk infrastruktur. I samband med Øvre Otta-utbygginga vart straumnettet i Skjåk oppgradert og dette har trygga forsyninga inn til og internt i kommunen. Forsyningsikkerheit for straum til innbyggjarane og bedriftene i bygda er viktig å leggje vekt på også framover. I 2018 vart vi sett på store utfordringar med orkan i september og ein ekstrem flaum i oktober. Sjølv med dette har vi ikkje pådratt oss alt for store KILE-kostnader. Mykje takka vere eit godt vedlikehalde nett og flinke medarbeidarar med god lokalkunnskap. Klimaet har truleg endra seg og vi får tøffare, villare og våtare vêt. Dette må vi ruste oss for.

Sikre og stabile leveransar av samfunnskritiske tenester er ein viktig berebjelke i ei landbruks- og industribygda. Dette gjeld både levering av straum og fiber til innbyggjarane.

Det skjer nå ei utvikling som går raskare enn ein kunne tru for kort tid sidan. «Noreg skal elektrifiserast», og Noreg er godt på veg mot ein utsleppsfri og fullelektrisk transportsektor. I Skjåk må vi klare å vere posisjon til å bidra til denne utviklinga. Samstundes skjer det ei rivande utvikling innan teknologi og digitalisering av samfunnet. Dette vil endre innhald og framgangsmåte for korleis vi løyser arbeidet framover. Det vil også stille krav til å endre kompetanse for å ta i bruk det som kjem og moglegheiter.

For innbyggjarane i Skjåk er det viktig at oss held fram med fiberutbygging slik at flest mogleg kan få glede av dei fordelane dette fører med seg.

Kraftmarknaden som hadde ein nedtur i 2015 til 2017 har snudd og prisane i 2018 har vore høge. Evigvarande, miljøvennleg og regulerbar energi er gull verdt og det ventast at verdien av krafta kjem til å auke betydeleg i åra som kjem. For vår del er

denne utviklinga positiv, då den bidreg til auke i verdiskapinga. Noko som kjem heile lokalsamfunnet til gode.

I mars vart det bestemt i Stortinget at det funksjonelle skiljet ikkje vart gjeldande for nettselskap som har mindre enn 30 000 kundar og vi slepp det fordyrande byråkratiet rundt drifta av selskapet. Men frå 01.01.2021 må selskapet ha rigga seg med skiljet på selskap. Det betyr at nettselskapet må vere utskilt som eige sjølvgåande selskap. Strategiplan for korleis vi skal organisere oss framover er no under arbeid. Korleis skal vi løyse dei utfordringane som kjem, kva vi bør løyse sjølve, kva vi bør samarbeide med andre om og ikkje minst kva for gevinstar vi kan hente med å samarbeide i allianse med mange andre? Eit viktig mål er å oppretthalde arbeidsplassar i bygda samstundes som vi må vere konkurransedyktig på å drive effektivt og ha tilgang på rett kompetanse.

Rammevilkåra får vi ikkje gjort så mykje med og det er urovekkjande at sjølv om vi og mange andre nettselskap ligg nær kraftverka, må vi betale høgare nettleige enn bynære strøk. Forstå det den som vil. Ei rettviss utjamning av nettleiga vil vera eit viktig bidrag for distrikta.

Skattar og avgifter har auka kraftig dei seinaste åra. Satsen for grunnrenteskatten har på nytt vorte auka med 1,3% i 2018 og er nå oppe i 35,7%. Denne skatten er berre ut ifrå produksjon og marknadspris.



Lars-Egar Haugen

Lars-Egar Haugen
elverksjef

Med høg kraftpris i marknaden samtidig som at vår eigar vil halde kraftprisen i Skjåk låg for innbyggjarane, fører dette til at Skjåk Energi må skatte for ei inntekt vi ikkje tek betalt for. Noko som sjølv sagt gjer utslag i form av lågare resultat etter skatt.

Utviklinga med at styresmaktene skattlegg kraftinntektene meir og aukar avgiftene på nettleiga ser ut til å forsetja. Dette er særst uheldig for eigarkommunar i distrikta.

Skjåk Energi har i 2018 prioritert korleis vi skal klare å få ned kostnadene på nettdrift og vil fortsetja med dette framover, samstundes som organisering av selskapet blir viktig å sjå på fram mot at skiljet på selskap av verksemdene som blir gjeldande frå 01.01.2021.

Vi kan vise til positiv utvikling i form av høgare inntekt enn på mange år samstundes med at vi har lykkast med å redusere kostnadane. Vi har trua på at det er meir å hente ved å ta dei riktige grepa.

Ved å få utnytta dei gode medarbeidarane som vi har og samarbeide med andre der det vil vere lurt, har vi trua på at eit lite selskap som oss skal kunne klare seg godt også dei kommande åra.

Som nyttilsett i februar har det vore spennande og lærerikt å arbeide i Skjåk Energi. Det har vore mykje å sette seg inn i, men dei tilsette har vore flinke til å dele av erfaringane dei sit på og det er eg særst glad for. Elles hadde det ikkje gått.

Takk til alle tilsette og styret for stå på vilje og godt samarbeid.

Melding frå styret

VERKSEMDA

Skjåk Energi KF er lokalisert i Skjåk og er eit kommunalt føretak eigd av Skjåk kommune. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk kraftverk, vart etablert i 1919.

Energiverket står for distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile kommunen, samt dei delar av tunnelanlegga på riksveg 15 Skjåk - Stryn som ligg i Stryn. Skjåk kommune har evigvarande rettar i Øvre Otta DA og kraftverket Skjåk 1, som Skjåk Energi disponerer for kommunen.

I tillegg har elverket engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk.

VÅR VISJON

Saman skapar vi verdiar for bygda vår.

VÅRE VERDIAR

Pålitelege, framsynte, pågangsmot og humor.

FORRETNINGSIDÉ:

Vi skal vere ein framtidsetta verdiskapar med kunderetta verksemd innan fornybar energi, infrastruktur, smartstraum og tilknytte tenester innan marknaden vår.

SAMANSETJING AV ELVERKSTYRET I 2018:

Styret består av fem medlemmer, blant desse ein representant for dei tilsette.

Bjørn Dalen (leiar)
Hans Sæther (nestleiar)
Astrid Gjertsen
Odd Jan Hølmo
Lena Kolstad (valt av dei tilsette)

Det har vore 6 styremøte i 2018 og styret har handsama 34 saker gjennom året.

LIKESTILLING

Ved utgangen av året hadde bedrifta 16 fast tilsette og ein lærling, 4 kvinner og 13 menn. Arbeidstid og løn er rettvisst fordelt mellom kjønna. Personalpolitikken vert rekna for å vere kjønnsnøytral på alle områder.

Styret har 5 medlemmer, 3 menn og 2 kvinner.

Generelt sett er det få kvinner i kraftbransjen. Det er ikkje gjennomført spesielle likestillingstiltak gjennom året.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Skjåk Energi hadde 16 fast tilsette pr. 31.12.2018, som utgjør 15,5 årsverk. Vi har og ein lærling, som starta læretida si hos oss i juni 2018.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i bedrifta som godt. Skjåk Energi følgjer dei forskrifter for internkontroll som er pålagt. Lovpålagde kurs i eltrygging, førstehjelp og nedfiring er utført i 2018. Det er lagt opp interne retningslinjer og ansvarsfordeling for å få regelmessig oppdatering, oppfølging og framdrift. Bedrifta er medlem i Frisk HMS og er IA-bedrift.

MELDING FRÅ STYRET

Det har ikkje vore ulykker i samband med utføring av arbeid i 2018. Samla sjukefråvær i 2018 var 1,3 % (55 dagsverk) mot 11,2 % (529 dagsverk) i 2017. Eigenmeldt sjukefråvær har vore på 0,6 %. I 2017 hadde elverket det høgaste sjukefråværet nokon gong, medan vi i 2018 har hatt det lågaste sjukefråværet på mange år. Elverket har arbeidd med tiltak for å betre sjukefråværstala og dette har verka godt i 2018.

YTRE MILJØ

Bedrifta driv ikkje verksemd som forureinar det ytre miljøet. Farlege stoff og spesialavfall vert teke vare på og innlevert. Kjeldesortering av alle type restprodukt ved elverket er innført, og all avfallbrenning er forbode. Restprodukt og olje blir oppsamla og forureinar ikkje miljøet.

KRAFTOMSETNAD

Totalt disponerte Skjåk Energi ei kraftmengde på 125,7 GWh i 2018. I 2017 var denne mengda 126,3 GWh. Sal av kraft til sluttbrukarar i Skjåk var på 53 GWh i 2018. Dette utgjør ein gjennomsnittleg marknadsdel på 91 % av kraftkundane i Skjåk.

Skjåk kommune har ein evigvarande rett på 7 % i Øvre Otta DA og 16,5 % av kraftverket Skjåk 1. Skjåk Energi disponerer desse rettane på vegne av Skjåk kommune. Delane er innarbeidd brutto i rekneskapen for Skjåk Energi og elverket svarar for overskotskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt.

OVERFØRINGSVERKSEMD

Total inntektsramme for 2018 var 16,382 millionar kroner. Dette er ei auke på tre prosent frå 2017, då inntektsramma var 15,952 millionar kroner. Skjåk Energi hadde inntekter frå nett på 20,6 millionar kroner i 2018, som er 0,3 millionar høgare enn 2017, då nettinntektene var 20,3 millionar kroner. Bokført meirinntekt pr. 31.12.2018 er på 1,399 millionar kroner.


Det vart målt 60,8 GWh inn på nettet i 2018. Totalt mengde timesmålte anlegg var 58,3 GWh i 2018. Nettapet var på 2,4 GWh, som er 3,97 % av mengde mata inn på nettet.

Totalt har det vore 45 utkoplingar og driftsforstyringar i 2018, 27 utkoplingar i 2017. KILE (kompensasjon for ikkje levert energi) i 2018 var på 0,921 millionar kroner. Kostnaden i 2017 var på 0,224 millionar kroner.

Største delen av 2018 har vore prega av vanleg arbeid med blant anna synfaringar og utbetringar på høgspenlinjer og nettstasjonar. Vi har isolert høgspenlinja frå Åmotsøye til Bråtå enda meir, for å redusere talet på småblink (GIK'ar). Det er bygd infrastruktur for straumforsyning til hyttefeltet Grotli Vest.

Elverket vart sett på prøve i oktober då det vart storflaum i Skjåk. Delar av anlegga våre vart ståande under vatn og øydelagt. Vi klarte å få tilbake straumen hos alle kundane raskt. Allereie dagen etter at vatnet flauma over, hadde alle kundane unnateke ein fått att straumen. Arbeidet med å bygge nye liner og nettstasjonar etter flaumen vil ta tid og vi blir ikkje ferdige før i 2019.

Utvikling KILE





Skjåk Energi styre:
Sissel G. Brenna, Astrid
Gjertsen, Odd Jan Hølmo,
Hans Sæter, Lars-Egar
Haugen og Oddbjørn
Sperstad.

DET LOKALE ELTILSYN (DLE)

Krav til DLE er fastsett med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr, § 9, og DSB si plikt til å føre kontroll med DLE si verksemd. Kostnader til DLE er inkludert i inntektsramma for nettselskapet, fastsett av NVE, og er følgjelig ei teneste som kundane til nettselskapa betaler for. Tilsynsplanen bestemmer minstekravet til DLE si verksemd. Alle funn som blir registrert under kontrollane ute hos kundane, blir rapportert til DSB sentralt. Tilsynsplanen legg føringar og prioriteringar for dei satsingsområda som er viktige. Etter godkjent tilsynsplan for 2018 skulle det gjennomførast 133 kontrollar, totalt vart det gjennomført 144 kontrollar.

DLE har i 2018 vore med på Aksjon bustadbrann og Brannvernveka i samarbeid med brannvesenet. Elverket sponsa tur for 7. og 10. klassane i Skjåk til Energisenteret på Hunderfossen.

BREIBAND

I 2018 starta Skjåk Energi opp fiberutbygging på strekninga Reppen til Staurust. Vi har fullført utbygging av Åmotsøye og Oppnose. Det er og brukt midlar på eksisterande FTH-felt for at dei som ynskjer tilgang på fiber skal få det.

ØKONOMI

Driftsresultatet på 21,8 millionar kroner i 2018 er 8,6 millionar kroner betre enn fjoråret.

Driftsinntekter for 2018 på 63,8 millionar kroner er 9,3 millionar kroner høgare enn fjoråret og budsjett. Hovudårsaka er høg spotpris i 2018, samanlikna med 2017, som har gjeve betre resultat på overskotskrafta, medan prissikringa har redusert inntektene med 7,8 millionar kroner.

Driftskostnader på 41,9 millionar kroner er 0,75 millionar kroner høgare enn fjoråret og 1,8 millionar kroner lågare enn budsjett.

Resultatrekneskapan viser pr. 31. desember eit overskot på 18,6 millionar kroner før skatt, som er 7,2 millionar kroner betre enn 2017.

Netto finanskostnader på 3,3 millionar kroner inkluderer 3,7 millionar kroner i renter på ansvarleg

lån til eigar. Skjåk Energi har ansvarlege lån hos eigar på til saman 98,2 millionar kroner

Resultat etter skatt er på 9,7 millionar kroner, og er tre millionar kroner høgare enn 2017.

Likviditeten til elverket vert vurdert som svært tilfredsstillande og evna til å eigenfinansierte investeringar er god. All kortsiktig gjeld pr. 31.12.2018 kan løysast inn med dei mest likvide midlane. Eigenkapitaldelen er på 32,1 prosent, inga endring frå 2017.

FRAMTIDIG UTVIKLING

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt.

FINANSIELL RISIKO

Styret har godkjent ein strategi for prissikring. Så lenge desse instruksane vert følgde, vurderer styret at den finansielle risikoen er avgrensa og innanfor den økonomiske tåleevna til elverket.

MARKNADSRISIKO

Elverkstyret har vedteke risikodokument som set rammer for sikring av mengder og priser. Sjå note 2.

KREDITTRISIKO

Tidlegare historikk viser at denne risikoen er låg, då det har vore lite tap på fordringar.

RENTERISIKO

Skjåk Energi er utsett for renterisiko både når det gjeld lån hos eigarkommunen og for kapitalplasseringane.

Inntektsrammeregulering vert også påverka av renteendringar.

LIKVIDITETSRISIKO

Elverket er kredittverdig med ein god soliditet. Det vert vurdert å vere liten risiko for at bedrifta ikkje får tilført likviditet ved behov.

VIDARE DRIFT

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfester at føresetnad framleis er til stades. Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsåret sin slutt som etter styret sitt syn har betyding for vurderinga av rekneskapan.

RESULTATDISPONERING

Den framlagte resultatrekneskapan og balansen med tilhøyrande noter gjev etter styret si oppfatning eit rettvisst bilete av bedrifta sine eigedelar og gjeld samt finansielle stilling og resultat. Rekneskapan viser eit overskot etter skatt på kr 9 710 161 for Skjåk Energi KF.

Eigaruttak på 6,6 millionar er teke ut før rekneskapan for 2018 er avlagt. Styret sitt forslag til disponering av overskotet for 2018 på kr 9 710 161 er:

Eigaruttak	kr 6 600 000
Overført til egenkapital	kr 3 110 161

Skjåk, 1. april 2019

Hans Sæther
styreleiar

Odd Jan Hølmo
nestleiar

Astrid Gjertsen
styremedlem

Oddbjørn Sperstad
styremedlem

Sissel G. Brenna
styremedlem

Lars-Egar Haugen
elverksjef

Økonomiske nøkkeltal

Tal i heile tusen kroner	2018	2017	2016	2015	2014
Omsetnad	63 889	54 374	56 468	52 328	56 032
Driftsresultat	21 684	13 202	12 133	11 768	13 766
Resultat før skatt	18 407	11 161	8 063	8 272	15 523
Resultat etter skatt	9 847	6 765	3 769	5 464	10 160
Eigenkapital	58 602	55 354	54 632	61 656	78 710
Netto driftsmargin	33,94 %	24,28 %	21,49 %	22,49 %	24,58 %
Resultatgrad	29,31 %	20,84 %	15,35 %	16,57 %	18,03 %
Omløpshastighet kapital	0,36	0,32	0,33	0,29	0,29
Totalrentabilitet	12,48 %	8,73 %	6,83 %	6,57 %	7,75 %
Eigenkapitalrentabilitet	32,31 %	20,30 %	13,68 %	11,79 %	12,30 %
Likviditetsgrad 1	2,27	2,82	2,61	3,75	4,01
Likviditetsgrad 2	2,23	2,66	2,53	3,62	3,92
Eigenkapitalandel	32,31 %	32,08 %	32,83 %	35,79 %	40,88 %
Gjeldsgrad	2,10	2,12	2,05	1,79	1,45

Definisjonar:

Netto driftsmargin = Driftsresultat i prosent av driftsinntekter

Resultatgrad = resultat før skatt + finanskostnader/omsetnad

Kapitalens omløpshastighet = omsetnad/gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabilitet = driftsresultat + finansinntekter/gjennomsnittleg totalkapital

Eigenkapitalrentabilitet = resultat før skatt/gjennomsnittleg eigenkapital

Likviditetsgrad 1 = omløpsmidlar/kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 2 = mest likvide omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld

Eigenkapitalandel = eigenkapital i prosent av totalkapital

Gjeldsgrad = (Kortsiktig gjeld +langsigtig gjeld)/sum eigenkapital



HOVUDTAL FOR SKJÅK ENERGI

		2018	2017	2016	2015	2014
Tal på tilsette per 31.12						
Heiltidstilsette		15	15	16	16	15
Deltidstilsette		1	1	1	1	1
Årsverk		15,5	15,5	16,5	16,5	15,5
Data for overføringsnettet						
22kV leidning	km	132	133	133	133	135
22kV kabel	km	48	47	47	46	45
Lågspent, leidning	km	146	149	148	148	149
Lågspent, kabel	km	138	144	135	133	127
Ford.transformatorar, tal	stk.	208	208	205	202	201
Ford.transformatorar, yting	kVA	37 825	37 825	36 250	33 725	33 450



REKKNESKAP

Samfunnsrekneskap og sosialt ansvar



Skjåk Energi bidreg direkte og indirekte til ein betydeleg verdiskaping i samfunnet. Det sosiale ansvaret til elverket omfattar fyrst og fremst medarbeidarane våre. Vi legg stor vekt på at Skjåk Energi skal vere ein god arbeidsplass, der dei tilsette kan føle at dei utviklar seg og arbeider i eit positivt miljø. Dette har også stor betydning for rekruttering til elverket. Det er viktig med lokale kompetansearbeidsplassar og 88 prosent av dei tilsette er busett i Skjåk og dei resterande 12 prosent er busett i Lom. Skjåk Energi støtter opp om barne-, ungdoms- og idrettsarbeid. Dette er gode formål vi skal syne merksemd vidare.

For Skjåk Energi er det viktig å vise medarbeidarane at elverket er godt integrert i det samfunnet vi lever i, og at vi er eit sosialt ansvarleg elverk som bidreg positivt både i bransjen og i lokalmiljøet i Skjåk.

Støtte blir gjeve både som arbeidskraft, utstyr og/eller pengar. Skjåk Energi er bevisst på å bruke lokale leverandørar ved kjøp av varer og tenester.

DEN DIREKTE VERDISKAPINGA ER (BELØP I KRONER):

Skatt på bedrifta si inntekt	8 845 855
Skatt på inntekt – egne tilsette	3 451 985
Sponsing av lokale lag og arrangement	146 050
Arbeidsgjevaravgift	844 343
Renter og eigaruttak Skjåk kommune	10 270 000
Forbruksavgift	6 768 608
Avgift til Enova	579 832
Meirverdiavgift, netto utbetalt	11 019 667
Eigedomskatt	34 772
Sum direkte verdiskaping i 2018	41 961 112

ETISKE RETNINGSLINER

Skjåk Energi har utarbeidd egne grunnverdiar og etisk verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtferd som er forventa av den einskilde medarbeidar. Desse skal følgjast av alle tilsette for å ivareta omsynet til sosiale forhold, samfunn og miljø. Varsling av mistanke eller kjennskap til brot på etiske retningslinjer skal gjerast slik som Varslingsplakaten beskriv, der varslaren også kan vera anonym.

RESULTATREKNESKAP

	Note	2018	2017
Driftsinntekter og driftskostnader			
Energisal	13	43 250 090	34 598 354
Overføringsinntekter		18 122 959	17 681 66
Gevinst ved sal av driftsmidlar		40 000	24 288
Leigeinntekter		515 916	470 064
Anna driftsinntekt	11	1 831 216	1 599 259
Sum driftsinntekter		63 760 182	54 373 631
Driftskostnader			
Energikostnader		9 108 137	6 699 422
Overføringskostnader	5, 6	3 603 396	3 022 760
Lønskostnader	16	11 266 360	14 493 188
Ordinære avskrivningar	17	5 524 006	6 107 168
Andre driftskostnader		11 878 683	10 471 785
Tap på fordringar		545 435	377 687
Sum driftskostnader		41 926 016	41 172 009
Driftsresultat		21 834 166	13 201 622
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter	7	493 042	291 105
Andre finansinntekter	8	38 479	1 495 266
Renter ansvarleg lån		3 670 000	3 670 000
Andre rentekostnader		5 325	4 163
Andre finanskostnader		134 346	152 505
Resultat av finanspostar		-3 278 150	-2 040 296
Ordinært resultat før skattekostnad		18 556 016	11 161 326
Skattekostnad på ordinært resultat	14	8 845 855	4 395 997
Resultat i året		9 710 161	6 765 329
Opplysningar om:			
Eigaruttak	15	6 600 000	6 600 000
Overført til annan eigenkapital		3 110 161	165 329
Sum overføringar		9 710 161	6 765 329

BALANSE EIGEDELAR

Eigedelar	Note	2018	2017
Anleggsmiddel			
Utsett skattefordel	1, 14	2 283 831	2 099 826
Sum immaterielle eigedelar		2 283 831	2 099 826
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar o.a. fast eigedom	16	7 266 962	7 393 026
Anlegg under arbeid	16	797 647	374 073
Anleggsmiddel deleigde verk	10,16	67 533 622	69 016 637
Distribusjonsanlegg	16	22 109 321	23 001 695
Transportmiddel	16	1 284 252	1 602 059
Driftslausøyre, inventar og liknande	16	2 358 415	2 429 518
Televerksemd	16	13 745 216	12 598 388
Sum varige driftsmiddel		115 095 435	116 415 397
Finansielle driftsmiddel			
Investeringar i aksjar og delar	7	11 437 044	5 310 511
Sum finansielle anleggsmiddel		11 437 044	5 310 511
Sum anleggsmiddel		128 816 310	123 825 734
Omløpsmiddel			
Lager			
Reservemateriell	4	913 100	903 715
Sum lager		913 100	903 715
Fordringar			
Kundefordringar		16 274 887	13 267 516
Andre kortsiktige fordringar		7 843 103	3 585 723
Opptent mindreinntekt	12, 13	0	935 427
Sum fordringar		24 117 990	17 788 665
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	28 187 101	30 007 475
Sum omløpsmiddel		53 218 190	48 699 855
Sum eigedelar		182 034 500	172 525 589

BALANSE EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	1, 15	58 464 346	55 354 185
Sum opptent eigenkapital		58 464 346	55 354 185
Sum eigenkapital		58 464 346	55 354 185
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	6	1 248 607	1 682 765
Sum avsetning for forpliktingar		1 248 607	1 682 765
Annan langsiktig gjeld			
Ansvarleg lån Skjåk kommune	8	98 224 805	98 224 805
Sum annan langsiktig gjeld		98 224 805	98 224 805
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 015 970	2 287 742
Skyldig skatt	14	9 029 874	5 292 917
Skyldig offentlege avgifter og andre trekk	3	7 825 402	7 760 307
Akkumulert meirinntekt	13	1 399 000	0
Anna kortsiktig gjeld		1 826 496	1 922 868
Sum kortsiktig gjeld		24 096 742	17 263 834
Sum gjeld		123 570 154	117 171 404
Sum eigenkapital og gjeld		182 034 500	172 525 589

Skjåk, 31. desember 2018
1. april 2019Hans Sæther
styreleiarOdd Jan Hølmo
nestleiarAstrid Gjertsen
styremedlemOddbjørn Sperstad
styremedlemSissel G. Brenna
styremedlemLars-Egar Haugen
elverksjef

KONTANTSTRAMANALYSE

	Note	2018	2017
OPERASJONELLE AKTIVITETAR			
Resultat før skattekostnad		18 556 016	11 161 326
Betalbar skatt i perioden	14	-5 292 917	-3 918 800
Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel	16	-48 125	24 288
Ordinære avskrivningar	16	5 524 006	6 107 168
Endring i lager, kundefordringar, leverandørgjeld	4	-1 288 528	384 535
Effekt valutakursendringar		-598	-127 701
Endring i andre tidsavgrensingar	6,7,10,13	-2 342 366	1 860 020
= Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		15 107 488	15 490 836
INVESTERINGSAKTIVITETAR			
Sal av varige driftsmiddel	16	40 000	220 000
Kjøp av varige driftsmiddel	16	-3 825 880	-5 577 305
Sal av aksjar og deler i andre føretak		58 125	4 988 227
Nedskrivning av aksjar	7	92 540	0
Reversering av nedskrivning aksjar		0	490 141
Kjøp av andre investeringer	7	-6 269 073	-136 987
Endring anlegg under utføring	16	-423 574	1 428 411
= Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-10 327 862	1 412 487
KONTANTSTRAUMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
Utbetalingar av utbytte/eigaruttak	15	-6 600 000	-6 600 000
= Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		-6 600 000	-6 600 000
= Netto endring		-1 820 374	10 303 323
+ Behaldning ved starten av perioden		30 007 475	19 704 152
= Behaldning ved slutten av perioden		28 187 101	30 007 475



NOTER



Noter til rekneskapen

NOTE 1 GENERELLE REKNESKAPSPRINSIPP

Årsoppgjeret til Skjåk Energi er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak i Norge.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASIFISERING AV EIGEDLAR OG GJELD

Eigedlar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedlar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar, som vert betalt tilbake innan eit år, er klassifisert som omløpsmiddel. Tilsvarande kriterium er lagt til grunn ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrivne ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld blir ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler og er gjort greie for nedanfor.

SALSINNTEKTER

Inntektsføring ved sal av kraft/varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved utføring.

KRAFTKONTRAKTAR – NÆRSTÅANDE PARTAR

Frå eigaren, Skjåk kommune, disponerer elverket ei kraftmengde på totalt 125 GWh i 2018, i 2017 var denne mengda 126 GWh. Totale overføringar frå Skjåk Energi til eigar i 2018 er på 10,27 millionar kroner.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel er avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

ANDRE ANLEGGSAKSJAR OG DELAR

Anleggsaksjar, der Skjåk Energi ikkje har betydeleg innverknad, skal først i balansen til kostpris. Investeringane blir skrivne ned til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotsutdelingar frå selskapa vert ført som andre finansinntekter.

LAGER

Lager av målarar og beredskapsmateriell vert vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for resten av kundefordringar gjort ein uspesifisert avsetnad for å dekke mogleg tap.

VALUTA

Balansepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen på balansedagen.

PENSJONAR

Pensjonsansvaret til Skjåk Energi er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Den ytingsbaserte pensjonsordninga er vurdert til noverdi av dei framtidige pensjonsytningar som i rekneskap er vurdert som opptent på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurdert til verkeleg verdi. Endring i pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, vert fordelt over antatt gjennomsnittleg attståande opptenings-tid. Akumulert verknad av endringar i estimat og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinster og tap) under 10 % av det som er størst av pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel ved starten av året vert ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten av året, vert det resultatføring av det overskytande over antatt gjennomsnittleg oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

ENDRING AV REKNESKAPSPRINSIPP OG TIDLEGARE ÅR SINE FEIL

Som hovudregel vert resultat av endring av rekneskapsprinsipp og tidlegare år sine feil ført direkte mot eigenkapital.

SEGMENTINFORMASJON

Selskapet si verksemd omfattar omsetnad av kraft, deleigde verk;

Øyberget kraftverk, Framruste kraftverk og Skjåk 1 kraftverk, drift av distribusjonsnett, televerksemd og anna verksemd som hovudsakleg er utleige av lokale, jf. note 11.

VASSMAGASINBEHALDNING

I samsvar med etablert praksis i kraftforsyninga er ikkje magasinbeholdning for deleigde verk teke med i balansen. For informasjon om magasinbeholdning i deleigde verk, sjå note 10.

Gjeld følgjande verk; Øvre Otta DA og Opplandskraft DA

OVERFØRINGSVERKSEMD

